

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 7.juni 2016 Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Desse møtte: Helge Standal, Torbjørn Støylen, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Monica Breivik Orre, Liv Nordli Hole, Janne Beate Svindseth, Bjørg Djupvik Grebstad og Knut Henning Aursnes.

Sak 20/16 Godkjenning av innkalling og sakliste *Vedtak: innkalling og sakliste vart godkjent.*

Sak 21/16 Godkjenning av referat fra møte 15.03.2016 *Vedtak: referatet vart godkjent.*

Sak 22/16 Misjonsutval for Sykkylven og Ikornnes sokn Det skulle leggast fram ei liste med namn frå både Ikornnes og Sykkylven sokn på møtet den 7.juni, men kandidatane frå Ikornnes sokn var ikkje klar. Det nye utvalet får lage sitt eige mandat. Dei får på denne måten eit eigarskap til det i staden for at dei arva eit ferdig utarbeidd mandat frå soknerådet.

Vedtak: Frå Sykkylven sokn vart May Lisbeth Hovlid Aurdal, Nancy Blindheim Kolstø og Therese Utgård oppnemnd som utvalet sine medlemar.


Sak 23/16 Barne- og ungdomsutval Monica Breivik Orre fekk i oppdrag å spørje nokre aktuelle personar til dette utvalet. Ho har fått ja frå Svein Erik Kampenes, Ingrid Mari Eidheim, Monica Breivik Orre, Hanna Støylen Ebbesvik og Eileen Støylen Ebbesvik.

Vedtak: Vi utnemner disse kandidatane og gir utvalet tillit til å supplere seg sjølv og til å utarbeide sitt eige mandat.

Sak 24/16 Flytting/samanslåing av fond tilhøyrande Sykkylven og Ikornnes sokn. Vedlegg 1

Kyrkjeverje Arild Sporsheim har utarbeidd ei oversikt som ligg vedlagt. Denne oversikta viser at ein del fond som var uspesifisert/små er slått saman til eit større fond. Dette vert gjort for å forenkla oversikta. Oversikta over dei gamle fonda er sikra, slik ein kan finne tilbake til dette om ein treng det for seinare bruk.

Vedtak: Soknerådet godkjenner den nye oversikta over fond tilhøyrande Sykkylven sokn.



Sykylven sokneråd

Sak 25/16

Flyktningsituasjonen i Sykkylven kommune

Vedlegg 2

Soknerådet må lage uttalelse om flyktningsituasjonen som vert sendt Sykkylven kommunestyre til sitt møte i juni og eventuelt for presseomtale. Det er viktig at vi som kyrkje gir ein uttale om dette temaet.

Sykkylven kommune har motteke eit brev frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om der ein vert oppmoda om å ta i mot 27 flykningar i 2016, der sju er einslege mindreårige. For 2017 er kommunen oppmoda om å ta i mot 32 flykningar, der 12 er einslege mindreårige.


Sykkylven kommunestyre fatta i sak78/15 vedtak om å ta i mot 20 flykningar i 2016, samt nærmere utgreiing av ev. mottak av einslege mindreårige flykningar.

Vedtak: Uttale om flyktningsituasjonen:

Flyktningsituasjonen i verda i dag er tragisk for alle som er på flukt, krevjande for oss som samfunn, og utfordrar oss på våre verdiar og haldningars.

Sykkylven sokneråd ynskjer med denne uttalen ikkje å gå inn i diskusjonen om innstrammingar i flyktningpolitikken, heller ikkje i diskusjonen om kor mange flykningar vi skal ta imot. Men Sykkylven kommune er utfordra på å busette flykningar i 2016 og 2017. Til dette vil soknerådet uttale:

- *Dei flyktingane som har fått lovleg opphold i landet vårt må snarast mogeleg bli integrert i lokalsamfunn, og der har alle bygder og byar eit felles ansvar for å gjere det.*
- *Sykkylven kommune er ein god plass å bu, med mykje menneskeleg varme og omsorg, gode skular og dyktige medarbeidarar i kommunale tenester, difor burde det også vere ein god plass å kome til for flykningar.*
- *Det er særleg utfordrande å ta imot mindreårige, einslege asylsøkjarar, men også desse treng gode og varme lokalsamfunn, og Sykkylven kommune burde vere ein slik plass. Vi som kyrkje ynskjer å bidra til og arbeide for at dei som blir busett skal kjenne seg velkomne, uavhengig av sin bakgrunn.*
- *Det vil koste å ta imot mindreårige, einslege asylsøkjarar, og det betyr at vi alle må vere med på å ofre noko av vår velstand, gje noko for at dette skal kunne skje. Å vise omsorg og ta imot menneske som treng mykje hjelp vil alltid koste noko for oss. Men Jesus sa «Det er sælare å gje enn å få». Soknerådet meiner vi kanskje har godt av å ofre noko for å få til dette, og vi er villige til å ta 100.000,- frå vårt budsjett for 2017 og øyremerke det til inkludering av einslege, mindreårige flykningar som måtte kome til bygda .*
- *Vi vonar at kommunestyret i handsaminga 20. juni vise rausheit og opne opp for også å ta imot nokre einslege, mindreårige flykningar hit til kommunen.*



Sykylven sokneråd

Sak 26/16 Kyrkjemøte 2016.

May Lisbeth Hovlid Aurdal orientere om saker som var oppe på kyrkjemøtet i Trondheim. Det var delt ut eit samandrag av sakene frå kirkemøtet i 2016.

Mellom anna var den nye vigselsliturgien ei viktig sak, der soknerådet kallar inn til ein «Temakveld» der medlemmer i kyrkjelyden får kome med synspunkt eller stille spørsmål.

Vedtak: Det vert «Temakveld» om den nye vigselsliturgien den 13. juni kl. 20.00 i Kyrkjelekjellaren.

Sak 27/16 Givarteneste

Denne saka vart utsett til eit seinare møte.

Orientering: Utstilling av kunst av Birger Tusvik i kapellgangen i Sykkylven kyrkje.
Etterkomarane av Birger Tusvik har kome med ynskje om å vise kunsten til faren i ei eiga utstilling i Sykkylven.
Det kan nemnast at kona til Birger Tusvik gav ved vigslinga av kyrkja i 1990 dei 14 trearbeida som heng på veggen i kappellet.

Helge og Torbjørn orienterte om turen til USA (Orlando og Atlanta) i april/mai 2016. Formålet med turen var å få kunnskap og inspirasjon vedkomande fokus på danning av nye menigheter (disippelgjering), og barne- og ungdomsarbeid.

Møteplan for 2016:

Dato	Aktivitet
2. september	Felles samling i soknerådet og staben på Orreneset
18. oktober	Givarteneste: Kva gjer vi for å auke deltakinga?
8. november	
6. desember	Evaluering av året. Val av leiar, nestleiar og referent

Referent: Knut Henning Aursnes